

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatile Lilletvedt	FE - 033, TI - &17	18/66

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
011/2018	Formannskapet	PS	06.03.2018

Orienteringssaker

Forslag til vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

Saksopplysningar:

Formannskapet - 011/2018

FOR - behandling:

Assisterande rådmann gav ei kort tilbakemelding på spørsmål frå forrige møte ang driftsutfordringar i bowlinghallen. Han informerte om at det er laga nye rutinar for rapportering dersom noko av utstyret ikkje virkar, og at det er lagt opp til ny rutine for opplæring av dei som jobbar helg, slik at dei kan føreta enkel feilsøking og oppretting av feil sjølve.

Rådmannen orienterte om det interkommunale prosjektet om felles barnevernsvakt for Hordaland. Bakgrunnen for arbeidet er at born i alle kommunar skal sikrast eit forsvarleg barnevernfagleg tilbod på kveld, helg og høgtider. I prosjektet vert det utarbeidd forslag til korleis det kan etablerast ein barnevernsvakt i Hordaland der alle kommunar er med. Forslaget inneber at Bergen kommune er vertskommune, og at det vert oppretta avdelingskontor på Voss, Stord og Odda. Med desse plasseringane vil ein kunne nå nær alle plassar i fylket innafor ei reisetid på rundt 1,5 t.

Prosjektgruppa skal levere si innstilling og sitt forslag i løpet av 2018, og saka vil deretter gå til politisk handsaming i alle kommunane.

Rådmannen orienterte om status for prosjektet om oppretting av Nordhordland brann og redning, som er ei utviding av dagens brannsamarbeid mellom Lindås, Meland og Modalen. I tillegg til desse tre kommunane er Radøy og Austrheim tenkt inn i det nye samarbeidet. Det vil og vere opning for at andre kommunar kan kople seg på dersom dei ynskjer. Prosjektet vil utarbeide forslag til ny brannordning for regionen sett opp mot gjeldane lov og forskrift, ny dimensjoneringsforskrift, oppdatert risikobilete for heile regionen. Gruppa vil leggje fram si innstilling før sommaren 2018, og

saka vil så gå til dei einskilde kommunane for politisk handsaming. Målsetjinga er at Nordhordland brann og redning skal vere i drift frå 1.1. 2019.

Rådmannen orienterte om status for veterinærvakt samarbeidet mellom Modalen, Vaksdal, Voss, Granvin, Ulvik og evt Eidfjord. Eidfjord ynskjer overgang til vakt-distrikta som i dag består av dei fem andre kommunane då dette vil gje ei betre sikring av kommunen sitt ansvar for dyrevelferd, mellom anna med vesentleg kortare responstid ved utrykning til akutt sjuke dyr. Dei fem kommunane er positive til å ta med Eidfjord i sitt samarbeid, men Landbruksdirektoratet har foreløpig avslått Eidfjord sin søknad om å flytte vakt-distrikt. Direktoratet seier i sitt avslag at vakt-distrikt som utvidar utan at dei har godkjent det, kan stå i fare for å miste vakt- og administrasjonstilskotet kommunane får tildelt, noko som utgjer omlag 1,5 mill kr årleg. Det vert no jobba administrativt opp mot Landbruksdirektoratet med tanke på å få til ei løysing der Eidfjord kan slutte seg til vårt vakt-distrikt utan at ein skal miste tilskotet.

Rådmannen informerte om henvending frå styret i Fjellstølen og Kvanndalen velforeining om å få til ein langvarig avtale med kommunen om tilskot til brøyting og vedlikehald av vegen, istadenfor ordninga pr i dag der hyttelaget årleg må søke om tilskot. Rådmann og ordførar har hatt møte med representantar frå hyttelaget der velforeninga sine synspunkt og forslag vart presentert. Rådmannen vil kome tilbake med ei sak til politisk handsaming om temaet.

Ordførar låg fram forslag om å lukke møtet i samband med orientering om status i tvistesak.

Forslaget om lukking av møtet under denne orienteringa er heimla i Kommune-loven § 31 pkt 4, som seier at eit folkevalgt organ kan vedta å lukke eit møte når omsynet til personvern krev det.

Føresegna krev at det må gjerast ei konkret vurdering der omsynet til personvern vert vegd opp mot ålmenta si interesse av å vere til stades under møtet. Formannskapet var samrøystes i at i denne saka veg personvernet tyngst, og at møtet skal lukkast under ordføraren si orientering

FOR - vedtak:

Sakene vert tekne til orientering